



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Utdanningsavdelinga

Vår ref.: 2003/7049
Arkivnr.: 321

Dykkar ref:
Vår dato : 05.09.2003

Vindafjord kommune
Rådhuset
5585 SANDEID

Tilbakemelding etter kontakt- og tilsynsbesøk i Vindafjord kommune 29.04.03

Utdanningsdirektøren hos Fylkesmannen i Rogaland var på kontakt- og tilsynsbesøk i Vindafjord kommune 29.04.03. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovedtema for besøket. Temaet blei klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå den politiske og administrative leiinga i kommunen, samt skoleleiarar, leiar for PP-tenesta og representantar for lærarar, foreldre og elevar frå Vikedal skule og Sandeid skule.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

Oddvar Haugland	ordførar
Gerd Ingunn Opdal	rådmann
Peder Lundegård	ass.rådmann
Per Molland	HTV Utdanningsforbundet
Sivert Ole Holten	fung. oppvekstinspektør
Øyvind Haraldseid	leiar i kultur- og oppvekstutvalet
Audhild Ulland	rektor Sandeid skule
Torgeir Eidhammer	rektor Vikedal skule
Sigmund Lier	leiar PPT-kontoret
Kirsten Rabben	lærar Sandeid skule
Anne Espenvoll	lærar Vikedal skule
Lars Olav Larsen	foreldre Vikedal skule
Svein Bjarte Holten	foreldre Vikedal skule
Sølvi Grindheim Stople	foreldre Sandeid skule
Ane Kesia Fatland	foreldre Sandeid skule
Martin Vestbø	elev Sandeid skule
Magnhild Mattingsdal	elev Sandeid skule
Mari Vestbø	elev Vikedal skule
Monica Isaksen	elev Vikedal skule
Svein Helgesen	utdanningsdirektør
Audun Gjerde	rådgivar
Marta Vignes Steine	rådgivar

Intervju/samtaler med fokus på skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtalar/intervju med informantar frå skole og PPT.

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalane er kommunen/skolane sitt arbeid med lokalt basert vurdering og kvalitetsutvikling, med utgangspunkt i Forskrift til Opplæringslova, §2-1:

” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.”

Hovudtrekka frå samtalane er stikkordsmessig oppsummert i eit skjema som følgjer denne rapporten som eige vedlegg, unntatt offentligheita. Denne oppsummeringa er å sjå på som internt grunnlagsmateriale for utdanningsdirektøren sitt arbeid med tilsynsrapporten, men kan også vere nyttig som intern informasjon for kommunen. Vi erfarer under slike samtalar at spesielt foreldre og elevar kan oppleve temaet skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling som noko vanskeleg å uttale seg om. Utdanningsdirektøren vil derfor presisere at den skjematiske oppsummeringa berre tar mål av seg til å referere og få fram informasjon, synspunkt og vurderingar som kom fram under samtalane med informantane frå skolane. Generelle vurderingar og konklusjonar på bakgrunn av samtalane er tekne med i sjølve tilsynsrapporten.

Aktuelle saker/tiltak i skolane i Vindafjord – orientering og drøfting

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønske om å setje på dagsorden.

Skulestrukturendringar

Det blei orientert om endringar i skolestrukturen i perioden 1998 – 2003. Dei siste strukturendringane vil ikkje gi elevane urimeleg lang skoleveg.

Skolane i Vindafjord har hatt godt vedlikehald, og i 2001 –2002 fekk Vikedal skule nybygg på kr. 10 mill. For same summen vil det bli ferdig eit nybygg på Skjold skule i 2003. Vats skule vil inneverande år bli opprusta for kr. 4 mill.

Leiing, leiaropplæring og leiingsstruktur

Det har skjedd store endringar her, og det tidlegare skolekontoret er no borte. Kommunen er optatt av at ressursane mest mogleg skal gå direkte til skolen og i mindre grad til administrasjon på kommunenivå.

Kommunen har innført ny organisasjonsmodell, den såkalla 2-nivå modellen. Rektorane har no direkte kontakt med rådmannen. Dei er mellomleiarar med ansvar for kvar si avdeling på lik linje med andre mellomleiarar. Skolen er med dette blitt ein større del av heilskapen i kommunen, noko som er eit bevisst val.

Rådmannen har stor tru på 2-nivå modellen og trur at dei i fellesskap skal få til godt utviklingsarbeid. Det kviler eit stort ansvar på rektorane i arbeidet med pedagogisk utviklingsarbeid. Det er viktig å lage gode system og rutinar for arbeidet. Skolane har ansvar for eige budsjett. Dei har tidleg fått vite kva rammer som har blitt tildelt. Det har vore gode prosessar, sjølv om ressursnedgangen har vore ei utfordring. Det er viktig å synleggjere skolen sitt handlingsrom – informasjon til foreldra er sentral. Den felles skoleringa av mellomleiarane har vore vellukka. Rådmannen vitjar skolane 4 gonger i året.

Skolering av alle mellomleiarane har hatt som målsetjing å etablere ein felles leiingsprofil. Vindafjord har laga ein tiltaksplan for kvalitetsutvikling innanfor det pedagogiske området. Dette er knytt nært opp til Nord II nettverket. Utdanning av nye rettleiarar er her eit tema. Skolane skal rapportere etter utforma tenestemål. Kommunen har ikkje vore gode nok på å følgje opp dette, det har heller ikkje rektorane. Rektorane ønskjer eit tydelegare kommunenivå.

Tilpassa opplæring/ spesialundervisning

I Vindafjord får ca. 7% av elevane spesialundervisning. Dette talet er kanskje for høgt, og det er ønskjeleg med ein reduksjon. Fleire av elevane må få hjelp innanfor kategorien tilpassa opplæring. Vindafjord-skolen har mange dyktige lærarar som ønskjer å gi tilpassa opplæring utan at eleven treng enkeltvedtak for å få hjelp til vanskane sine. Det trengs gode verktøy til arbeidet. Mange er for rigide i måten å tenkje på kring desse utfordringane. PP-kontoret arbeider systematisk innanfor mange områder. Det er auke i sakkunnige vurderingar. Inneverande år har ein vurdert 90 saker. Mange av desse kunne vore avhjelpte med meir systemretta arbeid.

Vindafjord ligg på gjennomsnittet i si gruppe når det gjeld ressursar til spesialundervisning. Dette meiner rådmannen er bra når ein veit at kommunen går med millionunderskot. Vindafjord bruker mykje ressursar på skolen, og dei ser det som viktig med god kommunikasjon mellom kommunenivå og skolen og mellom skolen og foreldra.

Omgjering av lærartimar til assistenttimar

Denne saka blei meld frå Utdanningsforbundet. Diskusjonen viste at det her er uklare oppfatningar av kva saka gjeld. Omgjering av lærartimar til assistenttimar har vore praksis i fleire år. Rektor har ansvar for å nytte styrkingsressursane på ein fleksibel måte. Ved behov kan personell med annan bakgrunn enn pedagog nyttast. Ei viktig presisering er at assistenter ikkje kan overta det pedagogiske svaret.

Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, i tillegg til gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket.

Utdanningsdirektøren ser betydelege utfordringar når det gjeld forholdet mellom skole- og kommunenivå. Det er svært positivt at rådmannen prioriterer å ha direkte kontakt med skolane 4 gonger i året. Rektorane etterlyser likevel ei sterkare koordinering og pedagogisk løft frå skoleeigar. Utfordringa til å lage system og rutinar må initierast på kommunenivå. Den nye organiseringa stiller nye krav til rektorane, som har ansvar for utviklingsarbeidet i skolen. Sjølv om skolane blir meir og meir sjølvstyrte, vert det frå nasjonalt hald større og større fokus på skoleeigar sitt ansvar. Tilbakemeldingane frå rektorane er at dei har hatt stort utbyte av felles leiarutdanning.

Intervjua tyder på at det er lite medviten haldning til omgrepene skolebasert vurdering i personalgruppa. Det er vanskeleg å skilje skolevurdering frå elevvurdering. Det er mykje god praksis, men det er likevel langt igjen for å få gode kvalitetssikringsprosessar på plass.

Utdanningsdirektøren har inntrykk av at lokalpolitikarane er engasjerte i og opptatte av å prioritere ressursar til skolen. Skolen er eit kollektivt ansvar og på mange måtar synes det å vere løfterike haldningar i Vindafjord.

Med bakgrunn i inntrykka frå kontakt- og tilsynsbesøket vil utdanningsdirektøren framheva spesielt følgjande utfordringar i det vidare arbeidet:

- *Etablere skriftlege fellesrutinar og arbeide bevisst for å gjere skolevurdering til ei sak for heile organisasjonen, slik at alle partar får eit eigarforhold til dette.*
- *Klare styringspremissar og føringar frå overordna nivå, kombinert med tillit og handlingsrom i skolen. Støtte og rettleiing i prosessane. Dette er viktige føresetnader for å forankre kvalitetsutviklingsprosessane slik at dei i aukande grad kan prege både tenking og praksis i skolekvardagen.*
- *Bruke intern og ekstern vurdering i utviklingsarbeidet. Nettverksarbeidet bør vidareutviklast.*
- *Utnytte PP-tenesta sin kompetanse i utviklingsarbeid innanfor det spesialpedagogiske området.*
- *Styrkje elevane sin medverknad, både i høve til planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet.*
- *Ivareta og vidareutvikle foreldra sitt engasjement og deltaking i utviklingsarbeidet i skolen.*

Utdanningsdirektøren vil avslutningsvis takke Vindafjord kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen
utdanningsdirektør

*Saksbehandlar: Marta Vignes Steine
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 27
E-post: marta.vignes.steine@fm-ro.stat.no*

Marta Vignes Steine
rådgivar